

# Hallingdalselva fiskelag i Gol

Rotneimvegen 544

3550 GOL

Org.nr 970 229 051



Gol, 6. mars 2023.

Norges vassdrags- og energidirektorat.

Dykker referanse: 201104057-112

## **HØYRINGSSVAR: SØKNAD OM HEMSIL 3 KRAFTVERK I GOL OG HEMSEDAL KOMMUNAR, VIKEN, SAKSNUMMER 6450.**

Saka vart handsama i styremøte 6. mars 2023.

Hallingdalselva fiskelag i Gol forvaltar på vegne av grunneigarane fiske i Hallingdalselva gjennom Gol. Elva har tradisjonelt vore ei god og populær sportsfiskeelv. Strekninga nedstrøms utløpet av Hemsil 2 til Nes grense er mange plassar svært godt eagna for flugefiske.


Vi sel jamt med fiskekort med ein oppgang under pandemien. Imidlertid er vårt inntrykk at fisket dei seinare åra vorte därlegare, noko som samsvarar godt med resultata frå Rapport 112 frå Naturhistorisk museum. Bunndyrundersøkinga til Norconsult viser god til svært god økologisk tilstand på elva men likevel er det funne lite eldre fisk iflg. rapport 112.

Årsakssamanhengen er truleg samansett, men nedstrøms utløpet av Hemsil 2 meiner vi ein klar årsak er den såkalla effektkøyringa av kraftstasjonen noko som også er drøfta i fiskerapporten. Hyppige endringar av vasstand, spesielt i perioden med vintervassføring frå Strandafjorden, gir risiko for stranding og tørrlagte gyeområde.

Vi meiner ny kraftstasjon Hemsil 3 med utløp ved eksisterande utløp frå Hemsil 2 i avgrensa grad vil endre forholda i Hallingdalselva nedstrøms Gol. Ein kan tenkje seg noko reduserte flaumtoppar, og kanskje noko større variasjon i vasstand dersom både Hemsil 2 og 3 blir køyrt og stoppa samtidig.

I og med at vi reknar det som lite sannsynleg med endringar i måten kraftstasjonane blir drifta på ønskjer vi oss meir avbøtande tiltak i Hallingdalselva. Både tiltak som kan redusere faren for stranding av fisk, og tiltak for å gje betre og stabile gyteforhold. Vi kan også tenkje oss ei vurdering av utsetting av større ørret (2 el 3. årig) som eit føremålstenleg tiltak, noko også Nedre Hemsil fiskeforening har fremma som eit tiltak i Hemsil nedstrøms Eikredammen.

Med helsing  
for Hallingdalselva fiskelag



Wilhelm Stake  
kasserar/sekretær